

Sunnfjord Høgre sitt program for 2023-2027



Innleiing

Sunnfjord skal vere ein god kommune å bu i for alle.

Tenestene våre skal sikre barna ein god oppvekst både i barnehagen, i skulen og i fritida. At også dei eldre skal ha det godt, er sjølvst. Vi i Sunnfjord Høgre heiar på frivilligheita og ønsker levande lokalsamfunn i heile kommunen. Sunnfjord skal fortsette å utvikle seg innanfor kultur, idrett- og reiseliv og gi rom for store og små arrangement. Vi er på lag med dei som skapar vekst og utvikling, og vi jobbar for at Sunnfjord kommune skal ta sitt ansvar i det grønne skiftet.

Vi i Sunnfjord Høgre vil arbeide vidare med å realisere visjonen om å ta heile kommunen i bruk. Vi skal vere ein JA-kommune for dei som bur her og sikre eit godt og attraktivt næringsliv.

Vi skal føre ein ansvarleg politikk og rigge Sunnfjord for framtida.

Innhald

Innleiing	2
Oppvekst og utdanning	4
Barnehage	4
Grunnskule	4
Studentbyen Førde	5
Hjelp når du treng det	6
Eldreomsorg	6
Helsetenester	7
Psykisk helse	7
Rusreform	8
Samferdsel og infrastruktur	8
Ein meiningfull kvardag for alle	9
Integrering	10
Kultur, idrett og frivillegheit	11
Næring	12
Klima og miljø	13
Regionbyen Førde	13

1 Oppvekst og utdanning

2 Barnehage

3 Barnehagane i Sunnfjord skal vere ein omsorgsarena, ein stad for leik og læring, og
4 der god kvalitet blir særleg vektlagt. Med barnet i sentrum skal ein ha fokus på
5 medverknad, opplevingar og utfolding i samarbeid med dei føresette. Tidleg innsats
6 startar i barnehagen.

7 Sunnfjord Høgre vil:

- 8 • Jobbe for søskenmoderasjonsordninga i barnehage og SFO
- 9 • Kartlegge språkferdigheiter allereie i barnehagen
- 10 • Styrke innsatsen for å oppdage sårbare born i barnehagealder
- 11 • Jobbe for framleis full barnehagedekning og sommarope
- 12 • Jobbe for fleire pedagogar og legge til rette for etter- og vidareutdanning
- 13 • Sikre mangfald i barnehagetilbodet og likebehandle private og offentlege
- 14 barnehagar

15 Grunnskule

16 Sunnfjordskulen skal bli den beste i landet. Elevane skal få moglegheit til å løftast
17 opp frå det nivået dei er på, difor er det viktig å styrke kvaliteten slik at elevane får
18 eit endå betre grunnlag for å lukkast. Sunnfjord Høgre vil prioritere ekstra innsats
19 innanfor dei grunnleggande ferdigheiter slik at alle skal kunne lese, skrive og rekne
20 når dei går ut av skulen.

21 Sunnfjord Høgre vil:

- 22 • Satse på læraren som den viktigaste innsatsfaktoren i skulen
- 23 • Halde fram med å tilby etter- og vidareutdanning til lærarar
- 24 • Ha som mål at alle lærarar skal ha fordjuping i dei faga dei underviser i
- 25 • Gjennomføre ei lokal ungdomskulereform for å sikre meir praktisk læring og
- 26 fullføring
- 27 • Sikre ein forsvarleg og føreseieleg skulestruktur til det beste for elevane

- 28 • Satse på IKT-utstyr og læremiddel, og sørge for naudsynt oppgradering og
- 29 vedlikehald av dette
- 30 • Sikre og styrke ei forsvarleg PP-teneste
- 31 • Vurdere å opprette eit PPT-kontor som kan tilby tenester til andre kommunar
- 32 • Redusere fráværet i ungdomsskulen
- 33 • At det er opp til kvar enkelt rektor å avgjere om ein skal nytte mobilbruk i
- 34 undervisning
- 35 • Etablere ei mentorordning for nytilsette lærarar
- 36 • Opne for meir fleksibel skulestart
- 37 • Styrke skulen si plikt til å følge opp elevar som treng ekstra oppfølging i
- 38 grunnleggande ferdigheiter som skriving, lesing og rekning i 1.- 4. klasse
- 39 • Behalde lekser
- 40 • Styrke karriererettleiartenesta
- 41 • Prøveordning med kvalifiserte folk frå næringslivet til å undervise tema og fag
- 42 på ungdomsskulen
- 43 • Sikre openheit kring skuleresultat
- 44 • Innføre eit sommarskuletilbod i Sunnfjord
- 45 • Prioritere nybygg og vedlikehald av skulebygg, og sikre elevane gode
- 46 uteareal.
- 47 • Jobbe for at alle skulane i Sunnfjord skal ha miljøarbeidarar
- 48 • Avgrense mobilbruken på grunnskulen

49 **Studentbyen Førde**

50 Det må vere attraktivt å studere i Førde. Skal vi lukkast med å oppretthalde
51 arbeidsplassar, skape nye jobbar og utvikle tenestene i alle landets kommunar, er vi
52 heilt avhengig av oppdatert kompetanse. Og for å sikre slik kompetanse, må ein
53 gjere den meir tilgjengeleg, fleksibel og tilpassa dei ulike behova næringsliv og
54 enkeltmenneske har. Difor er det viktig å utvikle Førde som studentby

55 Sunnfjord Høgre vil:

- 56 • Styrke dagens studietilbod, og legge tilrette for nye utdanningar.
- 57 • Tilby sommarjobbar for elevar og studentar
- 58 • Regulere tomter til studentbustadar raskt
- 59 • Jobbe for eit nytt universitetsbygg i Førde

60 Hjelp når du treng det

61 Eldreomsorg

62 Sunnfjord Høgre vil:

- 63 • Legge til rette for at eldre kan bu heime så lenge som mogeleg
- 64 • Gje tilbod om førebyggjande heimebesøk til alle over 70 år
- 65 • At eldre og menneske med demenssjukdommar får tilbod om tilrettelagde
- 66 dagtilbod/aktivitetssenter
- 67 • Stimulere til bygging av bustader som er tilrettelagt for eldre og der det inngår
- 68 fellesareal og servicefunksjonar
- 69 • Legge til rette for gode uteområder og generasjonsmøteplasser, for eksempel
- 70 mellom barnehage og omsorgssenter
- 71 • Legge til rette for flere aldersvennlige uteområder
- 72 • Sikre eldre god og næringsrik mat, større valfridom i mat- og måltider
- 73 • Samarbeid med frivillige for å førebygge og redusere einsemd, inaktivitet og
- 74 fare for underernæring hos heimebuande eldre
- 75 • Sikre at kommunen har nok aldersbustader og omsorgsplassar for ei aukande
- 76 gruppe eldre i heile kommunen
- 77 • Planlegge for å bygge demenslandsby og bufellesskap for personar med
- 78 demens
- 79 • Sikre valfridom med hensyn til kor i kommunen ein ønskjer omsorgss plass
- 80 • Leggje til rette for at gifte og sambuande kan få bu i lag på omsorgsheim
- 81 • Tilrettelegge for aktivitetar på omsorgsheimane både på dagtid, kveldstid og i
- 82 helgane
- 83 • Gi gode tilbod om fysisk aktivitet
- 84 • Støtte frivillige organisasjonar som jobber for å hindre digitalt utanforskap, til
- 85 dømes Seniornett
- 86 • Sikre betre opplæringsverktøy slik at eldre kan bli sjølvstendige digitale
- 87 brukarar
- 88 • Sunnfjord kommune skal tilby dei eldre digital assistanse, til dømes ei ordning
- 89 med digital heimehjelp eller på bibliotek og servicetorg
- 90 • Innføre gratis helsestasjon for eldre

91 **Helsetenester**

92 Det blir stadig fleire eldre i Noreg, noko som vil skape eit press på helse- og
93 omsorgssektoren. Dette stiller ekstra krav til norske kommunar som skal yte helse
94 og omsorgstenester til sine innbyggjarar.

95 Alle innbyggjarar i Sunnfjord kommune skal vere sikra gode helsetenester innan
96 somatikk, psykiatri og rusomsorg.

97 Det skal vere trygt og godt å bli eldre i Sunnfjord. Dette krev at Sunnfjord kommune
98 må ha eit auka fokus på eldreomsorga og forhold som er viktige for ei aldrande
99 befolkning. Dei fleste eldre ønskjer å bu heime så lenge som mogleg, og kommunen
100 må på alle plan legge til rette for at dette kan skje. Dei som treng omsorgsplass skal
101 få tilbod om dette. Innhaldet i tenestene skal vere gode, og brukarane samt deira
102 pårørande sine ønskjer skal så langt som mogleg imøtekomast.

103

104 Sunnfjord Høgre vil:

- 105 • Sikre tilgang til gode helsetenester for alle innbyggjarane
- 106 • Sikre fastlegeordninga
- 107 • Sikre at kommunen er konkurransedyktig med tanke på rekruttering av
108 helsepersonell
- 109 • Styrke skulehelsetenesta for alle elevar i kommunen
- 110 • Sikre eit godt samarbeid mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og
111 utdanningsinstitusjonane
- 112 • Styrke barnevernstenesta i kommunen
- 113 • At råd for ungdommar, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne får
114 medverke i relevante saker
- 115 • Sikre ei god avlastingsordning for pårørande og andre som tek seg av
116 pleietrengande som bur heime
- 117 • Satse på kvardagsrehabilitering i kommunen

118 Psykisk helse

119 Sunnfjord Høgre vil:

- 120 • Ha fleire lågterskeltilbod innan psykisk helse
- 121 • Sikre gode tilbod innan psykisk helse for alle som treng det
- 122 • Tilby sentrumsnære bueiningar som er tilpassa brukarane

123 Rusreform

124 Sunnfjord Høgre vil innføre ei lokal rusreform etter modell frå Oslo og dei andre
125 store byane. Kommunen skal ha ein verdig og human rusomsorg som ikkje har som
126 mål å straffe brukaren, men sørge for at rusavhengige får god oppfølging hos
127 kommunen og kommunen sine samarbeidspartnarar. Det er viktig oppgåve for
128 kommunen å førebygge rusmisbruk.

129 Sunnfjord Høgre vil:

- 130 • Sikre eit godt tilbod innan rusomsorg for alle som treng det
- 131 • Gjennomføre ei lokal rusreform med mål om å hjelpe dei avhengige framfor å
132 straffe dei
- 133 • Prioritere ein eigen ressurs som ruskoordinator som har i oppgåve å jobbe
134 med førebygging og livsmeistring
- 135 • Vidareutvikle gode samarbeidsordningar på tvers av regionar og etatar,
136 spesielt innan rusomsorg, vald i nære relasjonar, barnehuset og
137 overgrepsmottaket
- 138 • Tilby bueiningar som er tilpassa psykiatrien

139

140 Samferdsel og infrastruktur

141 Høgre vil føre ein samferdselspolitikk som sikrar trygge og gode vegar i tillegg til eit godt
142 kollektivtilbod.

143 Sunnfjord Høgre vil:

- 144 • Binde bu- og arbeidsregioner betre saman gjennom raske og trygge vegar
- 145 • Betre trafikktryggleiken ved særleg utsette punkt
- 146 • Auke satsinga på kollektivtransport med gode sambindingar
- 147 • Auke tilgang på hurtig- og lynlading i Sunnfjord kommune

- 148 • Sikre ei heilheitleg parkeringsordning, og oppretthalde avgiftsfrie, sentrumsnære
- 149 parkeringsplassar
- 150 • Utvikle Førde Lufthamn, Bringeland, med tenelege flyruter til Oslo og jobbe for
- 151 nye direkteruter til Bergen, Trondheim og Stavanger, samt pilotprosjektet med
- 152 elfly.
- 153 • Sikre god digital infrastruktur i heile kommunen
- 154 • Byggje gang- og sykkelveger mellom skular og sentrumsområde
- 155 • Utbetre kommunale vegar og bruer for å redusere vedlikehaldsetterslepet
- 156 • Oppgradere akseltrykk slik at vegar og bruer ikkje blir ein flaskehals ved uttak av
- 157 tømmer for tømmerneringa.
- 158 • Jobbe for å få tilbake ekstressbussen mellom Bergen og Trondheim

159 **Sunnfjord Høgre vil arbeide for realisering av følgjande prosjekt:**

- 160 • Førdepakken
- 161 • E39 Storehaug – Moskog, ny veg og tunell
- 162 • Rassikre Rv5 Erdal-Naustdal
- 163 • Utbetring Fv 57 Dale – Storehaug
- 164 • Utbetring Fv 611 Naustdal
- 165 • Utbetre Fv 13 Rørvikfjellet
- 166 • Rassikre Fv. 609 Førde-Askvoll
- 167 • Rassikre fv. 610 Matbjøra

168

169

170

171 **Ein meiningfull kvardag for alle**

172 **Arbeid og sosial**

173

174 Sunnfjord Høgre er opptatt av at vi får fleire i arbeid. Derfor vil vi styrke arbeidet med at
175 fleire personar med hol i cv eller har ein funksjonshemming blir tilsett i Sunnfjord
176 kommune. Dette vil gje ein mangfaldig arbeidsstyrke og bidra til å inkludere personar
177 som ofte står utanfor arbeidsmarknaden.

178 Sunnfjord Høgre vil:

- 179 • Sunnfjord kommune bør innføre eit mål om at 5% av alle tilsette, der det er
180 mogleg, skal vere personar med hull i CV'en, og for personar med spesielle
181 utfordringar.
- 182 • Jobbe for å tilby fleire praksisplassar til unge og studentar.
- 183 • Tilby fleire lærlingplassar
- 184 • Oppfordre næringslivet til å være med på ein jobbdugnad med mål om at fleire
185 personar skal komme i arbeid.

- 186 • Støtte prosjekt som Individuell jobbstøtte og andre prosjekt som arbeider med å få
187 fleire i jobb
- 188 • Jobbe for at unge ikkje fell permanent utanfor arbeidsmarknaden.

189 **Integrering**

190 Sunnfjord Høgre er opptatt av ein integreringspolitikk som får folk ut i arbeid og gir dei eit
191 godt grunnlag for å lære seg norsk. Vi meiner integreringspolitikken må stille krav etter
192 resultat og innsats. Samstundes som kommunen og samfunnet ellers bidra så godt som
193 mogleg for å integrere dei inn i det norske samfunnet.

194

195 Sunnfjord Høgre vil:

- 196 • Ta del i ein inkluderingsdugnad med mål om å få fleire i jobb
- 197 • Styrke norskopplæringa for innvandrarar og flyktningar
- 198 • Stille krav til resultat av introduksjonsprogrammet
- 199 • Styrke arbeidet med å tilby kveldsundervisning og moglegheit for at innvandrarar i
200 jobb kan ta norskopplæring i arbeidstida
- 201 • Legge til rette for at frivillige organisasjonar og lokalsamfunn blir involvert i
202 integreringa
- 203 • Jobbe for at alle som kjem til Sunnfjord vert integrert i lokalsamfunnet og tek aktiv
204 del i samfunnslivet.
- 205 • Sikre ein god plan for integrering

206

207 Kultur, idrett og frivilligheit

208 Frivillige lag og organisasjonar er berebjelken for aktivitetar og gode fritidstilbod i
209 kommunen.

210 Gode kultur- og aktivitetstilbod vil gjere Sunnfjord attraktivt for innbyggjarar,
211 tilreisande, studentar og næringsliv. Talentutvikling for dei som skal sette sitt preg
212 på kulturen framover er ei viktig oppgåve for kommunen. For mange born er
213 deltaking på fritids- og aktivitetstilbod det kjekkaste som skjer i løpet av veka.
214 Kommunen skal saman med frivillige vere med å legge til rette for at alle born får
215 tilgang på eit idretts- eller kulturtilbod.

216 Sunnfjord er heim til mange av landets viktigaste kulturinstitusjonar og kulturskattar,
217 og forvaltar såleis ein omfattande og viktig kulturarv. Her må både det offentlege og
218 private gå saman for å finne dei beste løysingane.

219 Sunnfjord Høgre vil:

- 220 • Støtte opp under frivilligheita som samfunnsbyggjar
- 221 • Sørge for at alle born og unge får delteke på minst ein fritidsaktivitet
- 222 • Rekruttere fleire frivillige
- 223 • Legge til rette for gode anlegg, arenaar og møteplassar
- 224 • Oppgradere Førdehuset og sikre gode symjefasilitetar

- 225 • Sikre kulturskulen gode areal og gje opplæring rundt om i heile kommunen
- 226 • Sikre distriktsmusikarstillingane
- 227 • At kyrkja skal ha ei sentral rolle, og at kyrkjene og kyrkjegardane vert haldne
228 godt ved like
- 229 • Jobbe for realisering av eit nytt visningssenter på Astruptunet
- 230 • Jobbe vidare med «Astrupstien»
- 231 • Stille seg positive til gondolprosjektet i Kjøsnesfjorden.
- 232 • Jobbe for å utvikle badeplassar, stiar og friluftsområde.

233

234 Næring

235 Sunnfjord kommune har eit mangfaldig og attraktivt næringsliv. Sunnfjord kommune
236 skal legge til rette for fortsatt vekst og investering i kommunen sitt næringsliv.

237 Sunnfjord Kommune er den største landbrukskommunen i Vestland fylke. Landbruk,
238 skogbruk og næringsmiddelindustrien må styrkast i vår region.

239 Sunnfjord Høgre vil:

- 240 • Legge til rette for at bedriftene i kommunen kan vekse
- 241 • Bevare eit berekraftig og konkurransedyktig landbruk i heile kommunen, og
242 legge til rette for fornuftig bruk av naturressursane
- 243 • Arbeide for å styrke landbruket gjennom forenkling av lovar, reglar og
244 støtteordningar
- 245 • Støtte opp om landbrukets betydning for reiseliv og kulturlandskap
- 246 • Legge til rette for auka hogst og planting gjennom ei aktiv skogforvaltning
- 247 • Støtte tiltak for auka satsing på frukt og grønt
- 248 • Arbeide for å styrke bonden sin råderett over eige areal
- 249 • Ta initiativ til at Vestland blir ein pilot for ei returordning på landbruksplast
- 250 • Sikre næringslivet tilgang til arbeidskraft ved å gjere kommunen attraktiv for
251 innbyggjarar og tilflyttarar.
- 252 • Dra nytte av dei naturgitte fordelane i kommunen som mineral, kraft og skog
- 253 • Utnytte potensialet på Moskog med tilgang til store mengde fornybar energi.
- 254 • Handelsnæringa vert støtta gjennom planarbeid og gode trafikk- og
255 parkeringsløyningar.
- 256 • Etablere djupvasskai av restmassane frå tunnel Erdal-Naustdal
- 257 • Kommunen skal vere ein servicevenleg ja-kommune.
- 258 • Det å vende seg til kommunen, uansett etat, skal verte oppfatta som ei positiv
259 oppleving.
- 260 • Gjere søknadar meir forståelege, og forenkla og standardisere
261 søknadsprosessar.
- 262 • Prioritere førehandssamtalar med dei som ynskjer det i forkant av
263 søknadsprosess.
- 264 • At kommunen skal nytte klart og enkelt språk i kommunikasjonen mellom
265 innbyggjarane

- 266 • Gjennomføre brukarundersøkingar for å gjere det enklare for innbyggjarane og
- 267 bedrifter å seie ifrå om positive og negative erfaringar.
- 268 • Legge tilrette for bustadbygging i takt med folketalsutvikling og kva folk ynsjer
- 269 seg
- 270 • Styrke Sunnfjord Utvikling
- 271 • Støtte ein UNESCO-søknad frå Fjordkysten regional- og Geopark for området
- 272 kring Storehesten.
- 273 • Legge til rette for utvikling av djupvasskaia på Sveen for nærings- og
- 274 cruiseverksemd

275 Klima og miljø

276 Heile verda står framfor ei omstilling, der alle må jobba saman om å få ned både

277 klimautsleppa og miljøutsleppa. Kommunen kan gjere tiltak lokalt for å bidra til dette.

278 Menneskeskapt global oppvarming er allereie eit problem, og dette vil auke i omfang

279 om vi ikkje tar grep. Her har også Sunnfjord kommune eit ansvar.

280 Sunnfjord Høgre vil arbeide å ha rikeleg og rimeleg fornybar energi. Sunnfjord

281 Høgre meiner at vi kan, både åleine og gjennom samarbeid, og må ta ei større rolle

282 i å framskaffe meir miljøvennleg kraft og ta denne i bruk til elektrifisering, omstilling

283 og grønt skifte.

284 Sunnfjord Høgre vil:

- 285 • Velje klimavennlege løysingar i framtidige byggeprosjekt.
- 286 • Velje klima- og miljøvennlege produkt og løysingar der dette er tilgjengeleg og
- 287 forsvarleg.
- 288 • Jobbe for mest mogeleg klimavennlege tenestekøyrety i kommunen.
- 289 • Kartlegge moglegheiter for utbyggingar av fornybar energi
- 290 • Kartlegge behovet for flaum- og rasdemping.

291

292 Regionbyen Førde

293 Førde spelar ei viktig rolle som regionsenter i nordre del av Vestland fylke.

294 Vi skal styrke Førde sin posisjon som den største byen mellom Bergen og Ålesund.

295

296 Sunnfjord Høgre vil utvikle Førde sin attraktivitet som moderne småby med urbanisering,
297 fortetting og sosiale møterom omkransa av flott og lett tilgjengeleg natur.

298 Førde skal utvikle seg vidare som vertskapsby for høgare utdanningsinstitusjonar,
299 offentleg og privat tenesteyting og vere godt synleg. Lukkast Førde, lukkast Sunnfjord.

300